



Aase Midtun  
Kloppedalsvegen 5 C  
5232 PARADIS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/8967 - 21/88244

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
30.12.2021

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 336/74 Ådland nordre

Tiltak: fritidsbustad  
Byggjestad: Gbnr: 336/74  
Tiltakshavar: Aase Midtun  
Ansvarleg søkjar: Aase Midtun

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 21.10.2021. Vi beklagar sein tilbakemelding.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Meland, planid 1256-20190001, sin arealdel er definert som LNF-føremål. Eigedomen er omfatta føresegn 3.2.2 som gjeld for bygd fritidseigedom med status som LNF-spreidd fritidsbustad, jf. tabell 9.2.

Oppføring av ny fritidsbustad på eigedomen er ikkje i samsvar med føresegn 3.2.2 og tiltaket krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå LNF-føremålet også. Søknaden om dispensasjon må utvidast til også å omfatta arealføremålet.

2. Bygget si høgdeplassing må gjevast opp ved kotehøgd.
3. Naboar på landsida sørvest for eigedomen bør også varslast om tiltaket
4. Det vert opplyst at eigedomen har rett til tilkomst og parkering på gbnr 336/3. Det må opplystast om tal parkeringsplassar. I samsvar med føresegn 1.6.14 er minste kravet til parkering for fritidsbustadar 1 plass per fritidsbustad.
5. Det må gjerast greie for vassforsyning og avløpsløyning.

